

# Reguleringsplan for Rv. 41 Ny Tveitsund bru

---

Reguleringsføresegner

Detaljregulering

Stad: Nissedal kommune (kommunennummer. 4030)

PlanID: 2024002

Saksnummer <xxxxxx>

## 1 Siktemålet med planen

---

Formålet med planarbeidet er å leggja til rette for ny bru for riksveg 41 aust for eksisterande Tveitsund bru. Målet med prosjektet er å auka trafikktryggleiken og gjera framkomma meir føreseieleg.

I tillegg skal planen sikra vidareføringa av eksisterande funksjonar og kvalitetar i omgivnadene og at viktige omsyn blir varetekne både i anleggsfasen og i framtidig situasjon.

## 2 Fellesføresegner for heile planområdet

---

### 2.1 Støy (§ 12-7 nr. 3)

Grunnlaget for vurdering av støytiltak for eigedommane i prosjektet er tilrådingane i retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging T-1442/2021 og grenseverdiane i tabell 2.

Bustader som har over Lden 55 dB på fasaden utanfor støykjenslevare rom, og som får ei auke i utandørs lydnivå som følgje av tiltaket på  $\geq 2$  dB, skal greiast ut for innandørs støy og det skal givast tilbod om støytiltak til dei som har overskriding av krava til innandørs støynivå  $Leq \leq 30$  dB i opphalds- og soverom, som angitt i NS 8175:2012 lydklasse C. Dersom det er uforholdsmessig kostbart å tilfredsstilla krava i lydklasse C, kan klassa D ( $Leq \leq 35$  dB) bli vurdert.

For bustader og fritidsbustader som har støynivå Lden  $> 55$  dB på den primære uteplassen sin, og som får ei auke i utandørs lydnivå som følgje av tiltaket på  $\geq 2$  dB, skal det tilbydast støytiltak av eit utandørs opphaldsareal.

### 2.2 Automatisk freda kulturminne (§12.7 nr. 6)

Om det viser seg først medan arbeidet er i gang at det kan verka inn på eit automatisk freda kulturminne, skal Telemark fylkeskommune verte kontakta og arbeidet stansast i den utstrekkinga det kan røra kulturminnet. Fylkeskommunen avgjer snarast mogleg – og seinast innan 3 veker – om arbeidet kan halde fram og vilkåra for det. Fristen kan forlengast når særlege grunnar tilseier det (jf. kulturminnelova § 8 andre ledd).

### 2.3 Naturmiljø (§12.7 nr. 3)

Forureinande utslepp og tilslamming av vassdrag skal unngåast. Det må sikrast at massar som blir nytta i og nært vassdrag ikkje inneheld tungmetall eller andre giftige stoff. Det må utarbeidast rutinar for oppbevaring, lagring og distribusjon av drivstoff og andre petroleumsprodukt, og sikker rutine for fylling av drivstoff på anleggsmaskiner for å unngå forureining av massar, vassforsyning og vassdrag. Drivstoff, olje o.l. skal ikkje fyllast der søl kan gi avrenning/utslepp til vassdraget.

Maskinar og utstyr som blir nytta i anleggsfasen skal reingjerast før framkomst og vidare flytting for å unngå spreieing av plantesjukdommar og smittsame sjukdommar for akvatiske dyr. Bruk av maskinar, reiskapar osb. som er nytta i smitta vassdrag skal desinfiserast før bruk.

For å hindra smitte og spreieing av plantesjukdommar og framande artar, skal masseflytting og transport bli gjennomført på ein måte som hindrar spreieing, jfr. Forskrift om framande organismar (jfr. pbl § 12-7, nr. 6).

Det skal ikkje plantast artar eller nytta massar som inneheld frø eller planterestar som er registrert i gjeldande Fremmedsartsliste.

#### **2.4 Landskapsbehandling og terrengtilpassing (§12.7 nr. 1, 4 og 6)**

Veganlegget skal utførast slik at det blir best mogleg tilpassa omkringliggjande eksisterande terreng. Utforminga og toppdekket til fyllingane skal opparbeidast slik at dei verkar naturlege, hindrar erosjon og bidreg til variert revegetering og god overvasshandtering. Det skal takast spesielt omsyn til opparbeiding av kantsona mot elva, og elvebotnen der denne blir påverka av anleggsarbeid eller andre inngrep.

#### **2.5 Massehandtering (§12.7 nr. 6, 9 og 12)**

Før byggjestart skal det utarbeidast ein massehandteringsplan. Massehandteringa skal sikre tiltak gitt i plan for ytre miljø (YM-plan).

Massehandteringsplanen skal omfatte uttak av byggeråstoff, handtering av overskotsmassar, ivaretaking av matjord og utfylling i vassdraget.

Massar skal handterast og transporterast på ein slik måte at miljøet og omgjevnadene vert ivaretekne, samt massetransport minimert.

#### **2.6 Avkøyrseispil (§12.7 nr. 7)**

Plassering av avkøyrseispil til kvar tomt er rettleiande. Plasseringa kan endrast langs grenselinja mellom vegen og eignedomen. Ved endra plassering, må det dokumenterast at avkøyringa ikkje kjem i konflikt med frisikt, kryss, kurvar, og liknande i søknad til vegeigar.

### **3 Føresegner for arealformål**

---

#### **3.1 Bygningar og anlegg (§ 12-5 nr. 1)**

##### **3.1.1 Bustader (felt B1, B5 og B7)**

For felt B1, B5 og B7 gjeld føresegner gitt i reguleringsplan med planid 2012002 vedteken 29.03.2012.

#### **3.2 Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (§ 12-5 nr. 2)**

##### **3.2.1 Fellesføresegner for samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur**

Innanfor hovudformålet samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur blir det tillate justeringar mellom underformål dersom justeringane skaper ein meir funksjonell eller sikker veg- og trafikk situasjon eller tilpassing til omgjevnadene, samstundes som opphavleg omsyn blir vareteke.

##### **3.2.2 Gang- og sykkelveg (o\_GS)**

Frå o\_GS4 skal det sikrast køyreåtkomst til Treungvegen 381 og 383 på eigedom med gards- og bruksnummer 33/7.

##### **3.2.3 Annan veggrunn – teknisk anlegg (o\_AVT)**

Arealet kan nyttast til rekkverk og anna tilhøyrande utstyr til ny bru for riksveg 41.

##### **3.2.4 Annan veggrunn – grøntareal (o\_AVG)**

Arealet skal inngå som natur/grønstruktur og kantsona mot elva. Arealet kan nyttast for skjeringar og skråningsutslag, grøfter, kulvertar, støttemurar og stabiliserande tiltak.

Det er tillat etablert rekkverk, overvasshandtering, kulvertar, støttemurar, mindre tekniske bygg, leidningsanlegg, støyskjermer inntil 3 meters høgd og sikringsgjerde ved behov, og dessutan andre innretningar for sikring, drift og vedlikehald av veganlegget.

#### 3.2.5 Haldeplass/plattform (o\_HPP)

Det er tillate å oppføra bussskur, overdekkta sykkelparkering og mindre serviceelement i tilknytning til haldeplassane.

### 3.3 Landbruks-, natur- og friluftsmål og reindrifsmål (§ 12-5 nr. 5)

#### 3.3.1 Jordbruk

Dagens bruk skal gjelde vidare med føresegner gitt i reguleringsplan med planid 1997003 vedteken 09.10.1997.

### 3.4 Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone (§ 12-5 nr. 6)

#### 3.4.1 Småbåthamn

For felt o\_SH gjeld føresegner gitt i reguleringsplan med planid 2012002 vedteken 29.03.2012.

#### 3.4.2 Friluftsområde i sjø og vassdrag

Erosjonssikring og tiltak for å sikra veg- og bruonstruksjonar skal tillatast. Ved utfyllingar skal elvebotnen under normal vasstand skal ha eit topplag av stadeigne massar.

## 4 Føresegner til omsynssoener

---

### 4.1 Faresone – Ras, H310 (§ 11-8 a)

Omsynssona omfattar område der det er fare for steinras. Ved tiltak innanfor faresona skal det visast spesiell varsemnd for steinras ved prosjektering og utføring.

### 4.2 Faresone – Flaum, H320 (§ 11-8 a)

Omsynssone H320 omfattar område som er utsett for flaum. Ved tiltak innanfor faresona skal det visast spesiell varsemnd for flaumfare ved prosjektering og utføring. Før anleggsstart skal det være etablert flaumberedskap med varslingsrutinar frå NVE og koordinering med damoperatør.

### 4.3 Faresone - Høgspenningsanlegg, H370 (§ 11-8 a)

Omsynssone H370 omfattar område for høgspenntrasear og trafo, med faresone på 30 meter breidd.

### 4.4 Bevaring kulturmiljø, H570 (§12.7 nr. 6)

Området er definert som område for bevaring av eldre og verneverdige bygg.

### 4.5 Bandlegging etter lov om kulturminne , H730 (§12.7 nr. 6)

Bandlegging kulturminne gjeld Tveitsund bru. Dette er vedtaksfreda kulturminne. Alle inngrep i grunnen eller andre tiltak som kan virke inn på det freda kulturminnet, er ikkje tillate utan etter dispensasjon frå kulturminnelova.

## 5 Føresegner til føresegnsområde

---

### 5.1 Mellombels bygg- og anleggsområde (§12-7 nr. 1-14) (område #1-5)

Områda kan nyttast til mellombels bygg- og anleggsverksemd.

Dersom areal med dyrka mark blir nytta i anleggsarbeidet, skal dyrkningskvaliteten dokumenterast før dei mellombels byggje- og anleggsområda blir tekne i bruk jamfør §12-7 nr. 12. Før områda blir teke i bruk skal matjord skavast av og mellomlagrast innanfor planområdet. Der matjorda ikkje kan lagrast på

tilgrensande dyrka mark, skal matjorda lagrast på duk, slik at det ikkje blir blanda med jord frå staden det blir lagra.

Alle kablar og leidningar som ligg på elvebotnen skal sikrast mot skadar under anleggsarbeidet. Sikringstiltak og moglege behov for kontakt skal avklarast med kabel-/leidningseigar på førehand.

Ved arbeid som råkar elvebotnen, skal denne reetablerast etter inngrepet med eit topplag av stadeigne massar.

## **5.2 Utforming rundt konstruksjonar (§12.7 nr. 1) (område #A)**

Innanfor føresegnområda kan det tillast ei tilpassing av bru med tilhøyrande konstruksjonar og anlegg, føresett at andre formål og omsyn er varetekne.

# **6 Rekkjefølgjeføresegner**

---

## **6.1 Mellombels bygg- og anleggsområde (§ 12-7 nr. 10) (område #1-5)**

Mellombels bygg- og anleggsområde avsluttast når tiltaket er ferdig, og arealet går attende til underliggjande føremål. Kommunen skal gjere vedtak om avslutning av mellombels bygg- og anleggsområde, jf. pbl. §12-7, 1. ledd nr. 10 når dei har fått skriftleg melding om at anlegget er ferdig.

## **6.2 Støytiltak (§ 12-7 nr. 10)**

Eventuelle støyskjermingstiltak skal være ferdige samstundes med vegtiltaket.